

## Postmottaket

**Fra:** Elin Leikanger [elin.leikanger@eid.kommune.no]  
**Sendt:** 10. desember 2003 14:59  
**Til:** Postmottaket  
**Emne:** Høringsfråsegn



saksnr. 2003  
02997.doc

Sender vedlagd fråsegn frå Eid kommune vedr. saksnr 200302997

|               |             |
|---------------|-------------|
| Eid kommune   |             |
| Dokumentnr.   | Dokumentnr. |
| 2003 / 2997   | 109         |
| Mottatt       | 12 DES 2003 |
| Saksbehandler | ASR/BS      |
| TIN           | 486         |
| Ansatt        |             |

<<saksnr. 2003 02997.doc>>

Venleg helsing

Elin Leikanger  
Forvaltningssjef  
Eid kommune

# EID KOMMUNE

## Møtebok

| SAKSGANG                  |          |        |            |
|---------------------------|----------|--------|------------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato | Saksnr | Sakshands. |
| Teknisk styre             | 09.12.03 | 163/03 | ELE        |

|                                          |                      |                          |
|------------------------------------------|----------------------|--------------------------|
| Avgjerd av:<br>Saksansv.: Elin Leikanger | Arkiv: V1<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>2003001807 |
|------------------------------------------|----------------------|--------------------------|

### Høyring på utkast til forskrifter innan landbruket

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Med dei merknadene som går fram av saksutgreiinga, er Eid kommune positiv til nyordninga som høyringsutkastet legg opp til,

#### 09.12.2003 TEKNISK STYRE

#### TS-163/03 VEDTAK, samrøystes:

Med dei merknadene som går fram av saksutgreiinga, er Eid kommune positiv til nyordninga som høyringsutkastet legg opp til.

-----

Nordfjordeid, 10.12.03

Torill Tangenes  
sekretær

#### Vedlegg:

- Høyringsbrev frå Landbruksdepartementet med tilhøyrande framlegg til Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Orientering om Kommuneprosjektet, notat

## **Bakgrunn for saka:**

Landbruksdepartementet har sendt til høyring "Utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket"

Som ein del av "Kommuneprosjektet" vil kommunane frå og med 2004 få tildelt ei årleg disposisjonsramme frå Fylkesmannen. Ramma omfattar midlane til miljøtiltak i landbruket, nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogbruksplanlegginga. Kommunane må utarbeide fleirårige tiltaksstrategiar som skal ligge til grunn for fastsetjing av disposisjonsramme til kommunane.

Bruken av midlane skal skje etter dei retningslinjer/reglar som vert fastsett i forskrifter. Det er utarbeidd to framlegg til forskrifter; forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

## **Vurdering:**

### Generelt om nye oppgåver for lokaldemokratiet:

Vi trur at det kan vere positivt at kommunen får hand om dei økonomiske virkemidla det her er snakk om. Det inneber at kommunen aktivt kan utforme ein miljø- og kulturlandskapspolitikk gjennom strategiplanar. Vi håpar dette kan bidra til betre målretting av desse virkemidlane.

Ein føresetnad for ei vellykka overføring av nye oppgåver til kommunenivået er likevel at kommunen har tilstrekkeleg økonomi til å følgje opp desse. Det er her på sin plass og nemne at fagkompetansen innanfor landbruk (og til ei viss grad miljø) i mange kommunar har vorte bygt ned over ein lengre periode.

I høve til handsaming av søknader inneber endringa meirarbeid for kommunen, særleg knytt til utarbeiding tiltaksstrategiar/-planar for kulturlandskap/miljøtiltak. Dette er ei ny oppgåve, som vi ikkje har utført tidlegare. Dette arbeidet må truleg organiserast etter reglane for kommunedelplanar i plan- og bygningslova. Vår erfaring med planarbeid er at eit vellykka resultat i stor grad avheng av medverknad frå innbyggjarane/ næringsinteressene og hyppig rullering av planar. Dette er både tid- og ressurskrevjande for kommuneadministrasjonen.

**Vi vil etter dette understreka at kommunane må få auka rammeløyvingane sine dersom målet med denne oppgaveoverføringa er å styrke det lokale sjølvstyre, vitalisere lokaldemokratiet, gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og samstundes bidra til betre målretting og effektivisering av statlege verkemiddel (jamfør høyringsbrevet).**

### Generelt om forskriftene:

Ei effektiv forvaltning må byggje på eit samordna regelverk, som er lett å finne fram i og handheve. I dette tilfelle ligg her føre utkast til to forskrifter som med fordel kunne vore endå betre samordna. Vi vil spesielt peike på forskriftene sine reglar om søknadsrutiner, sakshandsaming, kontroll, utbetaling, klage, tilbakebetaling og liknande.

Det er lite som er i vegen for at reglane som er nemnt over kan vere identiske i desse to forskriftene (utifrå formålet med desse forskriftene). Det vil lette kommunen si oppfølging av forskriftene. I tillegg vil det vere lettare å forhalde seg til for søkjarane.

Vi vil oppmode departementet om at forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket sine reglar frå og med § 6 til og med § 11 og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i

skogbruket sine reglar frå og med § 6-1 til og med § 7-3 vert samordna (og berre når det er absolutt påkravd bør dei avvike frå kvarandre).

#### Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket:

§ 2 Forskriften gjelder for prosjekter/tiltak på landbrukseiendommer som ligger i LNF-område. Virkeområde bør utvidast til også å gjelde område regulert til friområde og friluftsområde, dessutan område utlagt til slike føremål i kommuneplanen sin arealdel. Dette er særleg aktuelt for tiltak langs vassdrag. Det verkar unødig at stønad til positive tiltak i slike område skal vere avhengig av dispensasjon frå Fylkesmannen.

§ 3 .....Tilskot kan likevel ikke gis til prosjekter eller tiltak på landbrukseiendom der det offentlege har eierinteresser.

Det er ei grei presisering at det offentlege ikkje kan få tilskot frå desse midlane. Men det at det offentlege står som eigar bør ikkje vere til hinder for at lokale, frivillige organisasjonar får støtte til å gjennomføre tiltak til beste for ålmenta.

#### Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket:

§1-2. Virkeområde: "Tilskudd .... kan bare gis til tiltak som gjennomføres etter forskriftens ikrafttredelse "

Dette avsnittet må takast ut. Det er fleire aktuelle tiltak, spesielt på veg, som fell innafor rammene til denne nye forskrifta, som allereie er gjennomført ut frå dei forskriftene som gjeld i dag. Når endringane i tilskotsforskriftene skjer på sopass kort varsel som dette, vert det urimeleg at dei som har innretta seg etter gjeldande forskrifter skal falle ut i ein overgang til ny forskrift.

§2-1. Tilskudd til skogkultur. Det kan ikkje gjevast tilskot til planting, såing, kjøp av utstyr eller til tiltak som ved uttak av virke gir overskott.

Det må framleis vere høve til å gi tilskott til planting og såing i områder det er for dårleg økonomi ved slutthogst til at driftsnetto og skogavgift kan "betale" skogplanting. Det gjeld spesielt ved hogst i lauvskog. Kommunen må sjølv kunne prioritere dette dersom den ønskjer det.

§3-1. Skog og utmarksresursar er sidestilt. Dette vil i mange tilfelle vere positivt og vil kunne stimulere til kombinasjonsveggar meir enn i dag. Reine skogbruksveggar kan få auka konkurranse om tilskot som i utgangspunktet er knappe og avgrensa.

§3-2. Vilkår om byggeplan før ein kan starte arbeidet med ein tilskotsberettiga veg er greitt, men det bør vere opp til kommunen å setje krav der ein finn det naudsynt.

§5-1. Det er ikke anledning til å gi tilskudd til taubanedrift.

Taubanedrift skal framleis vere lovleg driftsform. Definisjonen på taubane er ikkje teke inn, men i noverande søknadsskjema går slepebane inn under kategorien lett taubane. I

Vestlandsterrenget er dette ein naudsynt driftsform for å kunne utnytte resursane, og av mange sett på som miljøvenleg. Alternativet er auka krav om meir vegbygging. Avgrensinga i forskrifta i forhold til taubane må takast ut. Det må framleis vere høve for kommunane å stimulere slik drift framfor å gi tilskot til meir vegar i same område. Eventuelle uheldige sider ved taubanedrift må kunne handterast utan eit generelt forbod mot tilskot til slik drift.

§5-2. Det kan gis tilskudd til drift av tømmer med hest.

Presiseringa er positiv, men avgrensa til drift av tømmer. Tradisjonelt har omgrepet tømmer og ved festa seg. Dersom denne paragrafen er tenkt å gjelde all skogsdrift med hest må omgrepet tømmer bytast ut med skogsvyrke. For nokre kommunar kan dette bety ein del, medan det for andre ikkje har betydning.

#### § 6.4

Ein reknar med at tilbakebetal tilskot etter §6-4 kan gå inn i tilskotspotten og nyttast til nye tiltak.

#### §7-1. 3.ledd. om høve til kontroll.

Ein rettvis kontroll føreset ei felles forståing av handlingsfridomen i forskrifta. Av omsyn til den einskilte tilskotsmottakar er det viktig at formuleringane i forskrifta ikkje gir kommunane rom for tolkingar som overordna kontrollinstans ikkje deler. Også av omsyn til likehandsaming kommunane i mellom er det viktig at forskrifta er presis nok.

Tildelingsbrev og eventuelle utfyllande retningsliner skal i tillegg til forskrifta gi reglar for forvaltning av tilskot. I Tildelingsbrev frå departementet for 2004 er det sett som vilkår at maksimalt 50% av tilskot til skogbruk skal kunne gjevast til vegbygging. Dette inneber ei sterk dreining vekk frå tilskot til veg i forhold til det som har vore vanleg i kommunane dei siste åra. Slik situasjonen i kommunen er no er det mykje større spørsmål etter tilskot til skogvegar enn 50% av tildelte skogbruksmidlar. 50%-regelen er enno eit døme på sentral overstyring av det lokale demokratiet og må takast ut. Det vil vere tilnærma uråd på kort sikt å auke tilskotsbruken til andre føremål enn veg opp til det nivå som trengs for å få tilfredstillande tilskot til vegar.

Per Kr. Storevik  
-rådmann-